



Melding om vedtak

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119, Dep
0032 Oslo

Vår ref:
2006/56-25

Sakshandsamar:
Kristin Hoslemo, ☎ 37938500

Arkivkode:
A10

Dato:
17.12.2007

Høyring om endringar i barnehagelova.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek til etterretning at lovfesting av rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år, no vert konkret føreslege. Kommunen er innforstått med dei plikter denne rettsfestinga påfører kommunen. Kommunestyret vil påpeike at det vil vere umogeleg å fastsetje nøyaktige prognosar for kor mange barnehageplassar som til ei kvar tid vil bli etterspurd. Difor må det leggjast til rette for at kommunane sin økonomi kan bere ein viss overdekning i talet på plassar.

Kommunestyret sluttar seg i prinsippet til framlegget om overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren når full dekning er på plass.

Saksprotokoll i Sektorutval drift og tenesteyting - 06.12.2007

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes

Saksprotokoll i Kommunestyre - 13.12.2007

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke



Med helsing

Tallak Bjørnara
Rådgjevar

Kopi til:
Tenesteleiar Bykle Barnehage
Tenesteleiar Fjellgardane Barnehage



Arkiv: A10
Saksmappe: 2006/56-23
Sakshandsamar: Kristin Hoslemo
Dato: 26.11.2007

Saksframlegg

Bykle kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
46/07	Sektorutval drift og tenesteyting	06.12.2007
195/07	Kommunestyre	13.12.2007

Høyring om endringar i barnehagelova.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek til etterretning at lovfesting av rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år, no vert konkret føreslege. Kommunen er innforstått med dei plikter denne rettsfestinga påfører kommunen. Kommunestyret vil påpeike at det vil vere umogeleg å fastsetje nøyaktige prognosar for kor mange barnehageplassar som til ei kvar tid vil bli etterspurd. Difor må det leggjast til rette for at kommunane sin økonomi kan bere ein viss overdekning i talet på plassar.

Kommunestyret sluttar seg i prinsippet til framlegget om overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren når full dekning er på plass.

Saksprotokoll i Sektorutval drift og tenesteyting - 06.12.2007

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes

Saksprotokoll i Kommunestyre - 13.12.2007

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt ut framlegg til endringar i barnehagelova på høyring. Kommunen er ein av høyringsinstansane, og fristen for merknader til høyringsnotatet er 03.01.08.

Formelt grunnlag

Kommunestyret gjev uttale i saka.

Vurderingar og konsekvensar

Høyringsnotatet frå Kunnskapsdepartementet omfattar følgjande endringar i barnehagelova:

- Individuell rett til barnehageplass
- Rammefinansiering
- Finansiering av ikkje-kommunale/private barnehagar
- Innhenting av naudsame data i barnehagesektoren

Individuell rett til barnehageplass

Den individuelle retten til barnehageplass er føreslege utforma omkring følgjande hovudprinsipp:

- vert lovfesta rett når full dekning er på plass
- gjeld barn som har fylt 1 år når opptaket til barnehagen skjer
- rett til tilbod innan kommunen (hovudregel)
- kommunen skal sjølv finne det reelle behovet for barnehageplassar
- interkommunalt samarbeid er mogeleg
- rett til godkjent barnehagetilbod innanfor barnehagelova sine reglar
- søkaren sitt behov og ønskje skal vektleggjast
- krav om minimum eitt opptak i året frå og med 2009
- langsiktig mål er 2 opptak pr. år
- fleire opptak eller løpande opptak vil vere mogeleg

Rådmannen oppfattar lovfesting av rett til barnehageplass som ei politisk føring der avgjerda i realiteten allereie er teke. Såleis er det neppe grunn til å gjere anna enn å ta dette til etterretning. Det er då også slik at rett til både grunn- og vidaregåande skule er noko vi har hatt lenge.

Høyringsframlegget legg opp til at retten til barnehageplass knyter seg til kommunegrensa. Rådmannen finn denne avgrensinga føremålstenleg. Minsteavstandar eller liknande vil vere vanskeleg å praktisere.

Ein viktig føresetnad for rettsfestinga av barnehageplass, er at kommunen si planlegging må ta høgde for ei viss overdekning av talet på barnehageplassar. Å etablere nye plassar tek noko tid både i høve til tilrettelegging av lokal og rekruttering av personell. Vidare vil utviklinga av maksimalprisen foreldra skal betale, utviklinga av kontantstøtta, den lokale arbeidsmarknaden sine variasjonar, arbeidsinnvandringa, nedlegging av private barnehagar, m.m. påverka balansen mellom tilbod og etterspørsel etter barnehageplass i monaleg grad.

Staten si overføring av ressursar til kommunane må ta høgde for den overdekninga av barnehageplassar kommunane vil vere avhengig av å ha til ei kvar tid.

Rammefinansiering

Når full barnehagedekning er på plass, truleg frå 2010, vert det lagt opp til ein overgang frå øyremerka tilskot til barnehagedrift, til rammefinansiering.

Modellen for rammefinansiering vil bli omhandla i kommuneproposisjonen for 2009, og blir sett i samanheng med endringar i inntektssystemet same år (jfr. Sørheimsutvalet m.v.)

Det vil i denne samanhengen bli utarbeidd egne kostnadsnøklar for barnehagane.

Rådmannen sluttar seg i prinsippet til framlegget om overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren, når full dekning er på plass.

Det er difor av stor betydning at dette skjer på ein måte som

- sikrar full utgiftsdekning for kvar einskild kommune
- sikrar den einskilde kommune høve til å halde ei viss overdekning i talet på plassar
- er nøytral med tanke på fordeling mellom kommunale barnehageplassar og plassar drivne av andre

Finansiering av private barnehagar

Dette punktet er p.t. ikkje relevant for Bykle kommune.

Innhenting av data i barnehagesektoren

Den statlege finansieringsordninga er grunnlaget for innhenting av data om den einskilde barnehagen. Innrapporteringa skjer ved at den einskilde barnehage sender inn årsmeldingsskjema (KOSTRA- skjema 16) som m.a. inneheld opplysningar om barnehagen sitt namn, type barnehage, barnehagen si organisering, opningstid, talet på barn fordelt på alder, opphaldstid pr. veke, talet på årsverk, personalet si utdanning og kjønn.

Grunnlaget for innhenting av data heimla i dagens ordning vil falle bort ved overgang til rammefinansiering.

Departementet tilrår difor ein lovheimel og ein forskriftsheimel i barnehagelova for innhenting av naudsame data i barnehagesektoren.

Bykle, 17.12.2007

Tallak Hoslemo
Rådmann

Vedlegg:

Høyringsnotat om endringar i barnehagelova

Melding om vedtak sendast:

Kunnskapsdepartementet, Postboks 8119 Dep, 0032 Oslo